

Semester / Teaching Semester 2026 vår

Emnekode og navn / Course code and title MEVI120

Navn på emneansvarlig / Name of course coordinator Jan Fredrik Hovden

Hvordan foregikk undervisningen? / Content and teaching

Om kurset

MEVI120 "Kvalitative metodar i medier og kommunikasjon" var ei nyskaping denne våren. I praksis samlar dette emnet deler frå to andre (no nedlagde) kurs etter omlegginga til 10 studiepoeng. Frå MEVI102 er vidareført, nokså uendra, dei praktiske seminarar om intervjumetode, der studentane i grupper lagar ei sjølvvald problemstilling, planlegg, gjennomfører og rapportar frå ei intervjuundersøking om mediebruk. Frå MEVI103 er, men mindre direkte, vidareført øving i grupper med analyser av tekster - denne gongen med fokus på dataspel, influenservideo, situasjonskomedie, og RV-realitysjangeren. I begge høve veksla samlingane mellom (vanlegvis) korte forelesingar, gruppearbeid og studentepresentasjonar.

Praktisk gjennomføring

Kombinasjonen av eit stort kull (95 studentar) og praktisk arbeid gjorde det naudsynt å splitte kurset i fleire puljer. For "intervjudelen" var studentane splitta i to puljer, i "tekstanalysedelen" vart studentane splitta i tre puljer (sjå kursplan for detaljar). Erfaringa er at dette har fungert fint på tekstanalysedelen, men at ein med føremun tilsvarande kunne splitta intervjudelen i tre puljer.

Hva fungerte og hva fungerte ikke? / What worked well, and what didn't?

Evaluering

På den eine sida har kurset fungert etter hensiktene. Det har gjeve studentane ei god handverksmessig opplæring i intervjumetode og tekstanalytisk metode som byggjer vidare på grunnlaget lagt i MEVI102. Det har vore ei studentaktivt kurs, i tråd med nye pedagogiske vindar.

I intervjudelen var samlingane delt i 1) utvikling av problemstilling, 2) konstruksjon av intervjuguide og 3) analyse av intervju. Om dei to fyrste samlingane fungerte fint, vart det i praksis liten tid til analyse - studentane hadde stort sett nok med å drøfte erfaringar frå intervjuet. I ettertid tenkjer at ein burde fått meir tid til reell analyse, td. ved å gje ferdige problemstillingar slik at dei kunne gå rett på konstruksjon av intervjuguide. Det var elles ikkje lagt opp til at studentane presenterte sine studiar i plenum, men berre som gruppeoppgåve. Dette gav mykje arbeid for forelesar i form av skriftlege tilbakemeldingar, og det ville kanskje vore både hyggjeleg og arbeidssparande om studentane i staden fekk munnlege tilbakemeldingar ved presentasjon av funn i plenum.

Tekstanalysedelen ble undervist i to bolker, begge bestående av én felles forelesning og deretter gruppepresentasjoner fordelt på 3 puljer / datoer. Dette fungerte ganske greit, men noen av gruppearbeidene og presentasjonene led noe av at det ble for mange studenter på gruppen, opptil 7 på noen av gruppene. Liknende opplegg med like store kull i framtiden vil måtte planlegge for flere grupper fordelt på flere puljer og rom / datoer for å gi godt nok læringsutbytte av gruppearbeidene.

Pensumet i MEVI120 var prega av at dette var eit forsøkssemester. Pensumet om intervjumetode fungerte hensiktsmessig. Dels gjeld det samme grunnpensumet i tekstanalyse, men ein fekk behov for å leggje noko meir direkte relevant litteratur til ved semesterstart.

Samstundes framstår kursstrukturen klårt noko forvirrande for studentane. Det er uklårt for dei korleis dei to delemna - tekstanalyse og intervjumetode - heng saman. Dette kunne ein sikkert gjort (endå) klårare i introduksjonsforelesinga,

og dette var også noko me brukte tid på å forklare på den avsluttande forelesingane. Men studentane har òg rett: Det *er* uklårt. Intervjumetode og tekstanalyse er begge “metodar” som har “kvalitativ” i nomenklaturen, men svært ulike i pensum og undervisning i emnet. Det er nokre potensielle berøringspunkt mellom dei i analyse av intervjumateriale og analyser av medietekster (begge kan td. analyserast med narratologi). I praksis, på dette nivået (og også på høgare nivå i våre emner) er imidlertid analyser av intervju “teorilaus”. Og hovuddelen av intervjumetodedelen i emnet handla om det metodiske handverket om å snakke med folk, som har meir til felles med både antropologiske metodar og med surveymetode (som kan tenkjast som ein særeigen form for intervju, ma. ved å (typisk) vere sjølvadministrert og prega av sterk systematikk i spørsmålsrekkefylgje og svaralternativ). Medan den tekstanalytiske biten var utelukkande fokusert på analyser av medietekster (spel, realityshow, m.m), ikkje produksjonen av dei.

Hva vil du forbedre? / How do you plan to improve the course?

Anbefalingar

Dette har vore eit prøvesemester for det nye kurset. Om hovudintrykket er at dette har fungert greit, synest også me som kurshaldarar at dei to delemna ikkje høyrer naturleg saman slik det var lagt opp i dette prøvesemesteret. Løysingar kan vere å splitte dette opp i to 5-vekttals kurs, eller endre innhaldet i kurset (inkl. eventuelt då fordele noko av innhaldet i emnet til andre emner). Om det siste, kan ein tenkje seg ulike løysingar.

Eit alternativ er å gjere MEVI120 til eit kurs som reindyrkar medieetnografisk metode. I tillegg til intervjumetode kan ein då utfylle med meir generell etnografisk metode og slik gje ei grunnleggjande oppklæring i feltarbeid / feltnotat og deltakande observasjon, samt spesielt relevante etnografiske variantar (digital etnografi på nett, redaksjonell etnografi, og publikumsetnografi). Medietnografisk metode vert ikkje undervist systematisk om i dag, så dette ville vere ei reell styrking av den kvalitative metodeundervisninga, som i dag er svært fokusert mot intervjumetode. Så kunne ein forsøke finne ein annan stad for den tekstanalytiske biten.

Det som skurrar mest i MEVI120 i dag er som nemnd at intervjudelen er svært handverksorientert mot gjennomføring av intervju, med lite fokus på analyse. Og det omvendte gjeld den tekstanalytiske delen. Men nettopp i analyser av intervju er ein teoretisk nærast tekstanalyser av andre medietekster, og same teoriar og tilnærmingar kan nyttast både på intervju, kommentarfelt, avistekster, eit tv-manus (td. narrativ analyse). Dette ville vere spesielt ei teoretisk styrking av intervjuanalyse, som av studentane også på masternivå typisk er prega av commonsensiske tolkingar utan teori.

Eit slikt forslag må sjølv sagt sjåast opp mot kva ein meiner er eit rimeleg tilbod og fordeling av metodeopplæring i løpet av eit medievitenskapleg løp (ein får jo intervjumetodeopplæring både på MEVI102, MEVI120, MEVI222 og MEVI302) mellom samfunnsvitenskaplege (kvantitative og kvalitative) og humanistiske metodar. Her kan det og vere verdt å nemne historisk metode / dokumentanalyser som vel ikkje vert undervist i.

Pensumet på MEVI120 bør gåast nøye igjennom av neste emneansvarleg. Utover å innarbeide noko av litteraturen som vart lagt til ved semesterstart, bør ein for intervjudelen ha eit særskild blick på gjenbruk av Ytre-Arne og Moe si metodebok på ulike emner og ulike nivå i løpet, både med tanke på overlapp og progresjon.